

**PROTOKOLL FRÅ REGIONÅRSMØTE I MØRE 2025 PÅ DALSFJORD SKULE  
30.03.2025**

Søndag klokka 13 hadde vi Sjømannskirkegudsteneste i Dalsfjord kyrkje. Ørsta kyrkjekor deltok saman med sokneprest Kristine Myrene Bleikli, regionstyremedlem/tidlegare sjømannsprest Steinar Rishaug og prost Ingeborg Matre. Etter gudstenesta vart det servert varmlunsj på Dalsfjord skule. Etter varmlunsjen starta årsmøte. Frå klokka 16 starta den tradisjonsrike basaren til Dravlausbygda sjømannskirkeforening med mat, årer og innslag. Ein stor takk til foreninga som har førebudd denne Sjømannskirkedagen i Dalsfjord!

**1. Åpning av regionårsmøtet i Møre**

Godkjenning av innkalling og saksliste. Begge delar godkjent ved akklamasjon. Det var 24 personar tilstades, der 19 var røysteføre.

Førehandsstemmer: 24

Helsing ved generalsekretær Jeffrey Huseby og hovudstyreleiar Bård Mæland

Konstituering

Møteleiar: Trygve Winter-Hjelm. Valgt ved akklamasjon

Referent: Eli C. Myrene. Valgt ved akklamasjon

Tellekorps: Ole Jakob og Inge Morten Haarstad. Valgt ved akklamasjon

Underskriving av protokoll: Mari Gjerstad Jørgensen og Kristine Myrene Bleikli.

Valgt ved akklamasjon

**2. Val av delegat til Sjømannskirkens generalforsamling 2025 med resultat**

Inge Morten Haarstad sa litt om valet. Det skulle velgjast ein delegat og ein vara. Alle som ville røyste gjorde så dette ved å sette eit kryss på den utdelte kandidatlista.

Valet gav dette resultatet:

Kristianne Stendal Lothe vart delegat og Leidulv Grimstad vart vara

**3. Val av medlemmer og varamedlemmer til regionrådet i Møre med resultat**

Inge Morten Haarstad sa litt om valet. Det skulle velgjast fem medlemmer og tre vara. Alle som ville røyste gjorde så dette ved å sette inntil fem kryss på den utdelte kandidatlista.

Valet gav dette resultatet og er satt opp etter antall røyster:

1. Trygve Winter-Hjelm
2. Eli Cesilie Myrene

3. Steinar Rishaug
4. Kristine Bleikli Myrene
5. Mari Gjerstad Jørgensen

Varamedlemmer:

1. Lars-Ove Skaret
2. Johanne Myren Aurlien
3. Margot Røren

**4. 2- årsmelding 2023-2024 for region Møre**

Årsmeldinga blei gjennomgått av Trygve Winter-Hjelm. Stabilt medlemstall og stabil givarinntekt sjølv med lågare antal givarar.

2- årsmeldinga blei tatt til orientering av årsmøtet og er også å finne på

Norgesarbeidet si heimeside: [Region Møre | Sjømannskirken](#)

**5. Saker til generalforsamlinga 2025.**

Førebels saksliste til generalforsamlingen blei presentert av regionrådsleiar Trygve Winter-Hjelm. Innkomne forslag til endringar i grunnreglane vart kort presentert. Vidare vart utkast til ny strategi for 2026-2030 presentert. Frist for respons er 1. mai om responsen skal med på generalforsamlinga. Det vart oppmoda om å komme med innspel til det nye regionrådet på føreslått strategi og forslag til endringar i grunnreglane.

**6. Eventuelt andre innkomne saker**

Ingen saker

**7. Avslutning**

Valresultata vart presentert og årsmøtet blei avslutta 16.00. Akkurat i tide for basar!

Ref. Eli C. Myrene

*Kristine M. Bleikli*

Kristine Myrene Bleikli

*Mari Gjerstad Jørgensen*

Mari Gjerstad Jørgensen